



Notat

Dato: 08.06.2017
Arkivsak: 2017/4923-1
Saksbehandlar: malsons

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Sykkel-VM og økonomiske konsekvensar for Skyss

I denne meldinga vil fylkesrådmannen gjere greie for kostnadar og inntekter knytt til ekstraproduksjon under Sykkel-VM i september 2017, og vise økonomiske konsekvensar av arrangementet for Skyss.

Ein planlegg ekstraproduksjon for å dekke reisebehovet både for skule- og arbeidsreisande og for tilreisande og publikum under arrangementet. Dei momenta det er knytt størst uvisse til er:

- Tal kollektivreisande som vel kollektiv framfor bil i den aktuelle perioden
- Tal tilskodarar og korleis desse vil fordele seg i Skyss sitt kollektivnett

Skyss sine kostnadar til sykkel-VM er primært knytt til produksjon, informasjon og personellkost. Ei rekke eksterne faktorar vil påverke kostnadsbiletet, så som tal reisande (sjå over), endringar i traséaval, tilgjengeleg infrastruktur og tilgang på bussar og sjåførar. Etter kvart som ein har fått på plass fleire detaljar og betre grunnlag for å rekne, har også Skyss sine estimat over kostnadar endra seg, slik følgjande oppstilling viser:

Opphaveleg søknad: 7,9 MNOK

Henta frå «Skyss underlagstall DNV kvalitetssikring», underlagstal frå «Kvalitetssikring av kostnadsbudsjett for Sykkel-VM i Bergen 2017» utarbeidd av Det Norske Veritas 17. april 2013.

Første budsjett 8,5 MNOK

Skyss sin del av Hordaland fylkeskommune sine løyingar til Sykkel-VM (8,5 MNOK av 15 MNOK.) Budsjettpostane er oppdaterte i høve ny informasjon og kjennskap til arrangementet.

Nytt budsjett 20 MNOK

Skyss sitt oppdaterte estimat, nytta som grunnlag for felles søknad om finansiering til Kulturdepartementet.

Ekstraløyving på 4,2 MNOK

Beløpet Kulturdepartementet har løyvd til kostnadar knytt til Sykkel-VM. Hordaland fylkeskommune sin del er på 7,5 MNOK, av dette får Skyss 4,2 MNOK til gjennomføring av kollektivtilbod, medan 3,3 MNOK er sette av til Bergen 2017

Økonomiske konsekvensar

Skyss har per i dag fått løyvd 12,7 MNOK (8,5 MNOK frå Hordaland fylkeskommune og 4,2 MNOK som følge av ekstra løyving frå Kulturdepartementet) for å ivareta kollektivtilbodet under Sykkeli-VM.

For å kunne sjå til at kollektivtilbodet vert godt nok og kunne syte for forsvarleg gjennomføring i form av transporttenester og informasjon, har ein gjort faglege vurderingar som tilseier ei total kostnadsramme på 20 MNOK.

Gapet på 6,3 MNOK mellom løyving og berekna ramme må dekkast over Skyss sitt ordinære driftsbudsjett. Dersom det viser seg at rammene i driftsbudsjettet ikkje er tilstrekkelege vil rådmannen komme attende med ei ny orientering.